



Statens vegvesen

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Torbjørn Hasund / 93004685

Vår referanse:
26/32010-2

Dykkar referanse:
202209809-36

Vår dato:
04.03.2026

Svar – høyring av revisjonsdokument for Lærdalsvassdraget – Lærdal kommune

Vi viser til brev datert 30.01.2026 med høyring av revisjonsdokument for reguleringa av Lærdalsvassdraget i Lærdal kommune

Med bakgrunn i krav frå villreinnemnder, elveeigarlag, Lærdal kommune og føringar frå NVE, har Østfold Energi AS utarbeidd eit revisjonsdokument som skildrar reguleringane og vurderer dei ulempa ein er kjent med. Dokumentet blir no lagt ut til offentleg høyring.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheiter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Våre merknader til planforslaget

Interessene våre i denne saka er knytt til omsynet til riks- og europaveg, inkludert vegrelaterte kulturminne. Planmaterialet er omfattande, og vi har ikkje hatt kapasitet til å

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturmottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

setje oss detaljert inn i dei verknader endring av konsesjonsvilkår vil kunne få for våre interesser.

Rv. 5, E16 og rv. 52 går alle langs og på stader nær Lærdalsvassdraget. Dersom endringar i konsesjonsvilkår får verknader for vassføring og magasininfylling / tapping og som kan påverke riks- og europavegane inkludert kulturminne må det takast omsyn til det. Vi tenkjer då på flaum, auka fare for erosjon i vegkonstruksjon, isgang etc.

Dette vil også gjelde for vegrelaterte kulturminne, og vi vil vi vise til Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminner og vegmiljø 27–29 Borgund vegmiljø og 30–33 Seltunåsen vegmiljø.

Dersom det vert gjort endringar i vilkår som fører til endra bruk av [avkøyrslar frå offentleg](#) veg og inn på anleggsvegar, må det søkjast løyve om.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til høyringa.

Med helsing

Torun Emma Torheim
seksjonsleiar

Torbjørn Hasund

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER